

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Att.Merethe Tvedt

---

<b>Dato</b>	21.12.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/96906-3
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Lillian Bakke Byrknes
<b>E-post</b>	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
<b>Telefon</b>	45638702

## Tilbakemelding - revidert rekkefølgeføresegn - detaljreguleringsplan for Langeland B5, bnr 324/7 og 90 m.fl. - Alver kommune

Vi viser til møte med Alver kommune, forslagsstillar og Vestland fylkeskommune som var 10.11.2022, møtereferatet som vart tilsendt oss i etterkant og reviderte føresegn.

Bakgrunnen for møtet var ein merknad knytt til endring av detaljplanen der ny tilkomstveg blir regulert inn i detaljplanen for Langeland B5 med avkøyring SKV6 frå o\_SKV1, som følgje av endra køyremønster for fire bustadeiningar i vedteken plan for fylkesveg 5308 Sagstadvegen, planID 125620170003.

I møtet blei det også drøfta moglegheit for endring av rekkefølgekav om at fv. 5308 Sagstadvegen må vera utbygd før detaljplanen kan starte sitt anleggsarbeid i bustadplanen Langeland B5.

### Tilbakemelding frå oss etter møtet

Vi har hatt ein gjennomgang hjå oss etter møtet 10.11.22 og vi meiner at revidert forslag må endrast noko. Det er trafikktryggleik og at Sagstadvegen er skuleveg for mange born og unge i området som gjer at planar i området har rekkefølgekav om at Sagstadvegen skal vera opparbeida før ny utbygging.

Vi meiner reguleringsplanen for Langeland B5 med planID 125620160001 må halde på dette rekkefølgekavet, men at det kan gjerast ei justering.

Etter gjennomgang av reviderte føresegn som vi har fått tilsendt for Langeland B5 så meiner vi at rekkefølgekavet om «*opparbeidd av separat tilbod for gåande og syklande langs fv. 5308 Sagstadvegen*» skal må vera gjennomført før det vert gjeve igangsetjingsløyve til bustadane i Langeland B5.

Vi er opne for at det vert lov å opparbeide infrastruktur og gjere grunnarbeid i planområdet samstundes som Sagstadvegen vert opparbeida.

Det å starte på bygging av infrastruktur i planområdet og gjere grunnarbeid før vi er ferdig med vår utbygging i fylkesveg 5308, vil vera utbyggjar sin risiko, då vi ikkje kan garantere for at vårt arbeid dreg ut i tid. Difor meiner vi at rekkefølgekavet må flyttast til «før igangsetjingsløyve» for å likevel sikre gjennomføring av Sagstadvegen.

Vi meiner at eit revidert rekkefølgekav om at det kan opparbeidast infrastruktur i planområdet for Langeland B5 samstundes som fv. 5308 Sagstadvegen vert opparbeidd, ikkje vil skape presedens for andre reguleringsplanar i området som har føresegn om at opparbeiding av fv. 5308 Sagstadvegen skal vera ferdig fordi dette vil vera hensiktsmessig for at noko arbeid kan gå parallelt.

Dette er og fordi Vestland fylkeskommune sjølv skal gjere noko arbeid innanfor Langeland B5 planen i forbindelse med at vi stenger ei avkøyrsløse til fylkesveg 5308 etter *Detaljregulering fv. 564 Frekhaugkrysset, inkl. utbetring av fv. 244* (no fv. 5308) med planID 125620170003.

Vi skal opparbeide SKV6 i planen for Langeland B5, som ei erstatning, og dette arbeidet må gjerast samstundes som vi utbetrar fv. 5308. Med eit revidert rekkefølgjekrav får vi også gjennomført dette tiltaket som er naudsynt for å utbetre ein tilkomst til eigedomane vi stengjer ei avkøyrsløse for.

Difor meiner vi at det kan gis igangsetjing til bygging av infrastruktur i planområdet og grunnarbeid parallelt med utbygging av fv. 5308.

Som ei føresetnad at tiltakshavar skal kunne opparbeide infrastrukturen i planområdet må det ligge føre ein plan for massehandtering på staden då vi ikkje ønsker at arbeid i dette området skal skape stor auke i anleggstrafikk i fylkesvegen samstundes som utbetringa her skjer.

Også på grunn av barneskulen og idrettsanlegget er det viktig at anleggstrafikk skjer i tidsrom kor det ikkje er mykje trafikk ved blant anna skule start- og slutt.

### Oppsummering

Sagstadvegen er skuleveg og difor er det lagt til grunn strengt rekkefølgjekrav om at denne skal opparbeidast. Arbeid her er planlagt igangsett i 2023. På grunn av dette ser vi at det kan vere hensiktsmessig at arbeid med fylkesvegen og bygging av infrastruktur samt grunnarbeid i planområdet for Langeland B5 kan gjerast parallelt. Vi kan akseptere at rekkefølgjekravet som står under 3.11.3.1 vert flytta til punkt 3.11.2 «før igangsetjing». Utbygger må stå med risikoen for at vårt vegarbeid kan dra ut i tid. Det kan ikkje gjevast løyve til igangsetjing av bygging av bustadar før Sagstadvegen er ferdig.

Med helsing

**Kari Elster Moen**

leiar

INV - Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**

rådgjevar

INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

ABO PLAN & ARKITEKTUR AS

Postboks 291